## 1100 høyrde NBO i Nidarosdomen.

02.08.2012

**Det var smikkfullt i Nidarosdomen under konserten med solist Evelyn Glennie og Norsk Blåseorkester i går kveld. Det vert meldt om 100 meter lang kø før konserten, og 1100 publikummarar under konserten. Dirigent for NBO er ingen ringare enn Ole Edvard Antonsen, og uskedelingen Vegard Døssland er blant trompetistane i orkesteret.**

Den to timar lange konserten vart overført direkte på NRK P2. Dei unge musikarane opptredde som om orkesteret var samansett av heilprofesjonelle musikarar. Fantastisk var det. På linken kan de lese kva Norges Musikkorps Forbund skriv om konserten på si heimeside:

http://www.spilleglede.no/Mektig+konsert+i+Nidarosdomen.b7C_wZrUWa.ips

I morgon kveld er det klart for ny konsert. Då har dei forflytta seg til Domkirkeruinane på Domkirkeodden på Hamar. Billettane er for lengst utselde, og det vert nok ei ny, flott og stemningsfull konsertoppleving både for aktørar og publikum.